



Strategiplan

HELSE FONNA HF 2009 - 2013

 **Helse Fonna**
www.helse-fonna.no





Strategi for Helse Fonna

Strategi for helseregionen Helse 2020 vart vedteke 3. oktober 2007. Visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane i Helse 2020 er felles for heile føretaksgruppa og erstattar det som finst av lokale overordna målformuleringar. Helse Fonna HF skal med bakgrunn i målformuleringane i Helse 2020 utforma lokal strategiplan for føretaket. Dette er difor ikkje ein ny strategiplan, men ein revisjon av Helse Fonna HF sin strategiplan frå 2004-2008.

Helse Fonna HF skal yta pasientbehandling og utdanna helsepersonell, driva forskning samt yta opplæring til pasientar og pårørende (Lov om spesialisthelsetenesten § 3-8).

Strategiplanen vil være førande for kva Helse Fonna skal prioritere dei neste åra. Denne planen peiker ut retninga for korleis Helse Fonna skal utvikle seg innanfor de gitte rammene frå departement, Helse Vest og andre myndigheiter. Strukturert og målretta arbeid gjennom heile strategiperioden vil vidareutvikla eit slagkraftig, pasientorientert og integrert helseføretak.

Visjonen og overordna mål vil gjelde heile strategiperioden.

Helse Fonna vil følgje opp tiltaka i Helse 2020. Det vil og bli utarbeida tiltaksplanar i Helse Fonna for å nå måla i eige strategidokument.



Utvikling og trendar i spesialisthelsetenesta

Helse Fonna vil på lik line med andre helseføretak vere prega av omstilling og endring dei komande fem åra. Endringane vil kome som ein konsekvens av:

- Fagleg og teknologisk utvikling
- Politiske føringar
- Befolkningsutviklinga
- Sjukdomsutvikling

I ei heilskapleg behandlingsskjede vil det skje nyvinningar som medfører behov for endringar i oppgåvedelinga både mellom nivå innan spesialisthelsetenesta og mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Dette vil stille krav til endringsberedskap og fleksibilitet for å kunne endre organisering og oppgåvedeling innan føretaket og mellom dei ulike nivåa i helsetenesta.

Politiske føringar om ei ny samhandlingsreform kan føre til endring i oppgåvedelinga mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. Samhandlingsreforma blir lagd fram i 2009. I tillegg kjem det nye nasjonale retningsliner for fødselsomsorga. I revidert nasjonalbudsjett 2008 er det og kome føringar for akuttfunksjonar på lokalsjukehusa. Helse Fonna vil i plan for somatikk 2009 vurdere funksjonane ved sjukehusa i tråd med føringane.

Helse Fonna HF sitt opptaksområde vil ha ein befolkningsauke på ca. 6,9 prosent fram mot 2025, mens den demografiske utviklinga innan dei tre noverande lokalsjukehusområda i føretaket vil vere ulik.

- Haugesund lokalsjukehusområde vil auke med 9,1 prosent
- Stord sjukehus vil ha ein auke på 9,5 prosent
- Odda lokalsjukehusområde vil ha ein nedgang på 9,1 prosent

Helse Fonna HF har ei utfordring ved at delar av føretaket sine pasientar søker sjukehusetester ved andre helseføretak. Dette gjeld særleg poliklinisk behandling. Det er særleg sjukehusa i Hordaland som representerer utfordringa. Helse Fonna HF må i planperioden vurdere tenestetilbodet i lys av endringar i befolkning, samansetjinga av befolkninga og tilbodet i føretaksområdet der ein har stor pasientlekkasje.

Det vil framover bli ei forskyving av alderssamansetjinga i befolkninga, og talet på eldre vil auke. Livsstiltrendar vil føre til at fleire pasientar får mellom anna kronisk lungesjukdom, infeksjonssjukdommar, diabetes, kreft og overvekt. Innan psykisk helsevern for born og vaksne vil det bli eit aukande behov for utgreiing og behandling. Poliklinisk behandling vil auke mest. Blant unge og vaksne aukar rusmiddelmissbruket og problematikken knytt til dobbeltdiagnosar. Det er særleg stor auke av unge misbrukarar.

Ei satsing på prehospitale tenester vil vere sentralt i planperioden. Satsinga skal sikre kvaliteten i tenesta og bidra til eit heilskapleg akuttilbod for å skape tryggleik i behandlingsskjeda.

Det er eit mål for Helse Fonna i gjeldande periode å definere korrekt behandlingsnivå for den einskilde pasienten. Det vil bli ei ytterlegare vriding frå innlagd til poliklinisk behandling og dagbehandling. Ambulante team vil bli nytta aktivt for å sikre samhandling med den einskilde pasienten og primærhelsetenesta i tråd med LEON-prinsippet (Lågaste Effektive OmsorgsNivå).




Helse Fonna er bygd på ein desentral struktur. Lokalsjukehusa sine tenestetilbod skal i særleg grad omfatte sjukdomstilstandar som er hyppige både for pasienten og institusjonen. Tilstandar som oppstår éin eller eit fåtal gonger i ein person sitt liv, kan utan særleg meirbelastning for pasienten, og ofte av omsyn til behandlingsskvaliteten, med fordel behandlast meir sentralisert.

“Lokalsjukehusene må i større grad innrettes til å kunne ivareta de store sykdomsgruppene der nærhet til tilbudet er viktig, særlig for de syke eldre, pasienter med kroniske lidelser, rusavhengige og psykisk syke”.

STATSBUDSJETTET 2008–2009

Kvar passar lokalsjukehuset inn?



Anbefalt oppgåvefordeling mellom DPS og sentraliserte sjukehusfunksjonar

DPS har ansvar for:

- Akutt- og krisetenester
- Spesialisert utredning og behandling
- Tett samarbeid med kommunane og anna spesialisthelseteneste
- Bistå kommunane med råd og vegleiing
- Ivareta kontinuiteten innad i spesialisthelsetenesta


Sentraliserte sjukehusfunksjonar:

- Augeblikkelig hjelp etter lov om spesialisthelsetenester § 3-1, jf. forskrift om augeblikkelig hjelp i det psykiske helsevernet
- Pasientar som trenger opphald i lukka avdeling
- Pasientar som trenger opphald i sikkerhetsavdeling
- Pasientar med særleg vanskelege og kompliserte spise- forstyrningar, rusmiddelavhengighet og psykisk lidning (komorbiditet), sjølvskading, tvangslidingar, personlegdoms- forstyrningar eller andre kompliserte tilstander
- Pasientar med særleg kompliserte alderspsykiatriske tilstander og debuterande samansette tilstander hos eldre
- Samarbeid med DPS, anna spesialisthelseteneste og kommunar



Forventning til helsetenesta

Forventningane til spesialisthelsetenesta er aukande. Samstundes er det ei auka medisinsk spesialisering i behandlinga. Den faglege og teknologiske utviklinga vil føre til ei sentralisering av delar av helsetenestetilbodet for å sikre kvalitet til beste for pasienten.



Visjon og verdier



Fremme helse og livskvalitet

Verdiane våre er:

Respekt

i møte med pasienten

Kvalitet

i prosess og resultat

Tryggleik

*for tilgjengelegheit
og omsorg*





Prioriterte område i pasientbehandlinga


Helse Fonna skal gje trygge og nære helsetenester til befolkninga innan dei vanlegaste lidingane. Utover dette vil føretaket prioritere definerte pasientgrupper særskilt.

Pasientgruppe med særskilt fokus 2009–2013:

- Psykisk sjuke og rusmiddelavhengige
- Spesialisthelseteneste til eldre
- Habilitering og rehabilitering
- Prehospitale tenester



Mål



Trygge og nære helsetenester

- Helse Fonna har anerkjent kunnskapsbasert kvalitet
- Helse Fonna vidareutviklar oppgåvefordeling som verkemiddel for kvalitetsheving
- Pasientar og pårørande opplever god kommunikasjon, informasjon og brukarmedverknad
- Helse Fonna har eit godt omdømme

Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk


- Tydeleg og handlekraftig leiing
- Medarbeidarane og leiarane våre tek ansvar og skaper gode resultat
- Helse Fonna har ein effektiv og føreseieleg pasientflyt i heile behandlingsskjeda med samordning av ressursane internt og i samhandling med primærhelsetenesta og samarbeidspartnarar i spesialisthelsetenesta.

Framtidsretta kompetanseorganisasjon

- Helse Fonna har rett kompetanse i forhold til behovet i befolkninga og definerte satsingsområde
- Helse Fonna har kliniske forskingsprogram / prosjekt saman med andre forskingsinstitusjonar innan dei vanlegaste sjukdommane
- Helse Fonna blir kjenneteikna ved stor grad av openheit og kontinuerleg forbetningsfokus




Trygge og nære helsetenester



<p>Mål</p> <p>Helse Fonna har anerkjent kunnskapsbasert kvalitet</p>	<p>Tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle og innføre felles rutinar for diagnostikk og behandling i samsvar med "beste praksis" • Kontinuerleg evaluere og forbetre resultat, anvendte prosedyrar og rutinar
<p>Helse Fonna vidareutviklar oppgåvefordeling som verkemiddel for kvalitetsheving</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide eigen plan for somatiske helsetenester i 2009 • Utarbeide kvalitetsstrategi • Gjennomføre plan for psykisk helsevern og plan for rus • Gjennomføre plan for habilitering og rehabilitering • Gjennomføre plan for spesialisthelseteneste til eldre • Utarbeide plan for prehospitala tenester
<p>Pasientar og pårørande opplever god kommunikasjon, informasjon og brukarmedverknad</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Implementere vedteken kommunikasjonsstrategi • Styrkje kompetanse og kapasitet knytt til kommunikasjon • Tydeleg og einsretta kommunikasjon saman med brukaren • Sikre tidleg informasjon og brukarmedverknad i pasientforløpet
<p>Helse Fonna har eit godt omdømme</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunisere og etterleve verdiane våre • Aktivt publisere betringar i pasienttilbodet • Styrkje samhandlinga med primærlegar og andre samarbeidspartnarar ved pro-aktiv kommunikasjon, openheit og involvering • Opptre offensivt og audmjukt i intern og ekstern kommunikasjon • Gjennomføre omdømmemålingar • Utvikle intern og ekstern profilering




Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk



<p>Mål Tydelig og handlekraftig leiing</p>	<p>Tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle og implementere program for leiaropplæring og -utvikling • Sikre leiarar i Helse Fonna tidsrett styringsinformasjon • Sikre involvering og medverknad i endrings- og omstillingsprosessar • Utvikle kompetanse innan endringsleiing
<p>Medarbeidarane og leiarane våre tek ansvar og skaper gode resultat</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til involvering og medverknad • Utvikle og gjennomføre interne motivasjonstiltak • Vidareutvikle ressurskoordineringa internt i Helse Fonna • Gjennomføre introduksjonsprogram for nyttilsette • Vidareutvikle eit aktivt HMS-arbeid ved å nytte ein "levande" handlingsplan
<p>Helse Fonna har ein effektiv og føreseieleg pasientflyt i heile behandlingsskjeda med samordning av ressursane internt og i samhandling med primærhelsetenesta og samarbeidspartnarar i spesialisthelsetenesta</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre prosessanalyse av diagnostikk og behandlingsskjeda for dei vanlegaste sjukdommane, "jakta på det gode pasientforløpet" • Sikre at prioriteringsforskrifta ligg til grunn for kven som blir prioritert til behandling • Styrkje samhandlinga med primærhelsetenesta • Samhandle på tvers av helseføretak og regionar • Innføre elektroniske kommunikasjonsløysingar (PAS/EPJ) som støttar under ein effektiv pasientflyt internt i Helse Fonna og i samhandling med den samarbeidande primær- og spesialisthelsetenesta • Sikre organisering basert på pasientforløp som ser pasientbehandlinga som ei heilskapleg kjede • Sikre god informasjon i heile behandlingsforløpet • God bemanningsplanlegging for å sikre effektiv ressursstyring



Framtidsretta kompetanseorganisasjon



Mål

Helse Fonna har rett kompetanse i forhold til behovet i befolkninga og definerte satsingsområde

Tiltak

- Gjennomføre heilskapleg prosess for strategisk kompetanseutvikling
 - Gjennomføre systematisk arbeid med grunn-, vidare- og etterutdanning
 - Gjennomføre systematisk simulering og trening
 - Gjennomføre medarbeidersamtalar
 - Gjennomføre rekrutteringstiltak
- Klinikane skal etablere og vidareutvikle fagnettverk på utvalde fagområde

Helse Fonna skal prioritere klinisk forskning og søkje samarbeid med andre forskingsinstitusjonar

- Utarbeide forskingsstrategi
- Forsking skal vere klinisk forankra og vere ei prioritert oppgåve som skal bidra til betre pasientbehandling
- Klinisk forskning i Helse Fonna skal synleggjerast gjennom publisering i nasjonale og internasjonale tidsskrift
- Sikre økonomisk handlingsrom for forskning

Helse Fonna blir kjenneteikna ved stor grad av openheit og kontinuerleg forbetningsfokus

- Vidareutvikle system og kultur for avviksrapportering og oppfølging
- Gjennomføre medarbeidarundersøking for heile Helse Fonna
- Nytte den personalpolitiske handlingsplanen strategisk
- Styrkje intern og eksternt kommunikasjon



